



Ingeniørfirma Tison-Titlestad AS
Ove Nedregotten

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4612 - 14/21695

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
24.09.2014

Vedk søknad om igangsetting - gbnr 146/21 , 24 og 34 Fosse ytre

Viser til søknadspapir levert kommunen av tiltakshavar Jostein Antoniazzi den 19.09.2014.
Vi oppfattar det slik at det er Tison-Titlestad AS som er ansvarleg søkar.

Vi har følgjande merknad til dei mottekne dokumenta:

Ansvarsrettar

Det er berre sendt inn søknad for utføring. Kva med **SØK, PRO og uavhengig kontroll?**
I rammeløyyvet er Multiconsult godkjent for SØK og PRO. Er noko av dette ansvaret ført vidare til igangsettingsøknad ? (Opphør av ansvarsrett SAK § 12-6 første ledd, blankett 5183).

Samsvarserklæringar skal ikkje til kommunen, men til SØK.

«Følgjebrev til Igangsettingsløyve»

er eit udatert usignert dokument med kommentarar til Sweco sitt notat.

Notat frå Sweco om uavhengig kontroll påpeikar ein del avvik/manglar i søknad/prosjektering. Men det er ikkje med noko frå Sweco som dokumenterer at avvika er retta.

Vedlegg 2, om ikkje har nokon tittel, dato eller signatur, viser eit oppriss av nokre av komponentane i anlegget. Vi oppfattar det som ei prinsippskisse, og ikkje eit lengdeprofil med kotehøgder og målsetting horisontalt og vertikalt, som vi forlangte i e-post 28.11.2013

Flytskjema er ein grei oversikt over komponentane i anlegget

Situasjonsplanen manglar tittel og dato. Prøvetakingskummar er ikkje vist

e-postkorrespondanse mellom Tison-Titlestad kommunen: Krava er delvis oppfylt i tilsendt materiell (prøvetakingspunkt manglar på situasjonsplan, fullverdig profil manglar).

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Oppsummering

Søknad om igangsettingsløyve er altså ikkje levert inn. Det er ikkje dokumentert at detaljprosjektering er utført i samsvar med rammeløyvet og utleppsløyvet.

Uttalen frå DHIVA IKS 31.05.2012 inngår som vilkår for begge løyva. Eitt av vilkåra her er analyse av vatn i drikkevasskjelder nedstrøms anlegget **før anlegget vert bygd**. Det som i denne uttalen og i løyva er kalla **anlegget** er heile anlegget, frå og med minireinseanlegget til og med spreiegrøft og prøvetakingsrøyr.

Vi legg ved dei dokumenta vi mottok 19.09.2014. Teikningane ligg under Notat – Sweco

Vi må be om at fullstendig søknad vert levert **innan 15.11.2014**. Dersom vi ikkje har motteke søknad innan denne datoen vert saka avslutta utan handsaming.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om ansvarsrett - gbnr 146/21 , 24 og 34 Fosse ytre

Samsvarserklæring

Sentral godkjenning

Følgdebrev til igangsettingsløyve

Notat - Sweco

Mail - korrespondanse

Kopi til:

Jostein Antoniazzi

Mottakarar:

Ingeniørfirma Tison-Titlestad AS